

## KONTROLLUTVALET

i

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

# ÅRSMELDING 2022



Kontrollutvalet på studietur til Oslo saman med kontrollutvalet i Rogaland fylkeskommune

Foto: Hogne Haktorson

# Innhold

1. Om kontrollutvalet: .....	3
2. Fakta om verksemda i 2022 .....	4
3. Måla til kontrollutvalet.....	4
4. Opplæring av kontrollutvalet .....	4
5. Fylkeskommunen sin valde revisor - Deloitte AS .....	4
6. Sekretariat for kontrollutvalet .....	5
7. Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT).....	5
8. Den økonomiske situasjonen i Vestland fylkeskommune .....	5
9. Fylkeskommunal økonomisk bærekraft .....	6
10. Rekneskapsrevisjonen .....	7
11. Forvaltningsrevisjonar i 2022.....	8
11.1. Plan for forvaltningsrevisjon .....	8
11.2. Kvalitet i opplæringa.....	9
11.3. Fylkesvegforvaltninga .....	11
11.4. Satsing på digitalisering.....	12
11.5. Vald revisor og handtering av personopplysningar .....	13
11.6. Styring og kontroll med investeringsprosjekt .....	14
11.7. Beredskapsordninga .....	16
3. Eigarskapskontrollar i 2022.....	17
3.1. Plan for eigarskapskontroll .....	17
3.2. Overordna eigarskapsforvaltning .....	18
4. Andre saker.....	19
4.1. Prosjektrekneskapar.....	19
4.2. Tilpasning til ny personvernlov .....	19
4.3. Påstandar om kritikkverdige forhold.....	20
4.4. Kontrollutvalet si rolle i varslingsaker.....	21
4.5. Øvrige saker i kontrollutvalet i 2022.....	21
1. Vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular.....	22
2. Selskapskontroll av Bybanen AS .....	23
3. Informasjonstryggleik .....	24
4. Tannhelse.....	25
5. Tilskotsforvaltning innan ulike sektorar .....	26
6. Eigarskapskontroll av arbeidsmarknadsbedriftene .....	27

# 1. Om kontrollutvalet:

## Lovgrunnlag

Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.06.2018 (kommunelova) § 23-1, fastset at fylkestinget skal velje eit kontrollutval som skal utføre kontroll på deira vegne.

Kommunal- og regionaldepartementet fastsette 17.06.2019, «Forskrift om kontrollutvalg og revisjon».

Kommunelova og denne forskrifta er viktig basis for kontrollutvalet si verksemd.

## Oppgåver

Kontrollutvalet skal føra kontroll med den fylkeskommunale forvaltninga på vegne av fylkestinget og sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Vestland fylkeskommune har konkurranseutsett revisjonsoppgåvene og det er for tida Deloitte AS som er den valde revisor.

Kontrollutvalet sin kontroll vert gjort m.a. ved at:

- den valde revisor vert sett til å gjennomføre revisjon av årsrekneskapen
- den valde revisor vert sett til å føre kontroll med at den økonomiske forvaltninga går føre seg i samsvar med gjeldande bestemmingar og vedtak
- den valde revisor vert sett til å gjennomføre forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre revisjonsoppgåver på bestilling frå utvalet
- vedtak som fylkestinget har gjort ved behandlinga av revisjonsrapportar, vert følgd opp
- den valde revisor rapporterer resultatet av sitt arbeid til utvalet
- fylkestinget vert orientert om saker som det er viktig å få kunnskap om
- utvalet, gjennom den valde revisor sitt arbeid til ei kvar tid, vurderer om ein har ei forsvarleg revisjonsordning

## For valperioden 2019– 2023 er kontrollutvalet sett saman slik:

- Dan Femoen (H), leiar
- Lars Fjeldstad (SP), nestleiar
- Odd Erik Lind (FP), medlem
- Jostein Ljones (SP), medlem
- Renate Møgster Klepsvik (FrP), medlem
- Iiril Schau Johansen (H), medlem
- Ingrid Handekland (V), medlem til september 2022
- Camilla Elen Berg Larsen (V), medlem frå 14.12.2022

Dan Femoen (H), Lars Fjeldstad (SP) og Odd Erik Lind (FP) har hatt sete i fylkestinget.

Ingrid Handekland (V) melde flytting ut av Vestland fylke i september 2022 og Camilla Elen Berg Larsen (V) vart i fylkestinget 14.12.2022 vald inn i staden.

## 2. Fakta om verksemda i 2022

- Kontrollutvalet hadde 7 ordinære møter
- 2 av møta vart haldne digitalt og vart strøyma. Dei andre 5 møta vart haldne for opne dører
- Kontrollutvalet har behandla 90 politiske saker og 67 referatsaker
- Fylkesordføraren har møterett i kontrollutvalet
- Arbeidet i kontrollutvalet byggjer på saksframlegg med innstilling laga av sekretariatet. Saksframlegget baserer seg på rapportar, utgreiingar og anna skriftleg dokumentasjon som i hovudsak er motteke frå revisjonen. Vidare baserer utvalet seg på møtebøker, orienteringar frå administrasjonen og kontakt med tilsette, organisasjonar og publikum
- Kontrollutvalet har fått tilgang til all informasjon det vart bede om

## 3. Måla til kontrollutvalet

- Å auke tillit og tryggleik for at fylkeskommunale oppgåver vert utført på best mogleg måte og at saksbehandlinga sikrar likebehandling og rettstryggleik
- Å auke kvalitet og effektivitet i dei interne rutine
- Å optimalisere dei totale kontrollressursane i fylkeskommunen
- Å bidra til at dei fylkeskommunale midlane vert nytta optimalt, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat
- Å sikre ein profesjonell og effektiv revisjon
- Å sikre uavhengigheta mellom kontrollutvalet og administrasjonen på den eine sida og kontrollutvalet og den valde revisjonen på den andre sida

## 4. Opplæring av kontrollutvalet

I løpet av 2022 vart det i regi av Deloitte AS arrangert kurs innan «Habilitet» og «Roller og ansvar i kontrollutvalet inkludert handtering av henvendingar». Kostnaden til desse kursa ligg inne som ein del av fastprisen i avtalen mellom Deloitte og fylkeskommunen.

I september deltok kontrollutvalet på studietur til Oslo saman med kontroll- og kvalitetsutvalget i Rogaland fylkeskommune. På programmet stod m.a.: Foredrag om arbeid mot korrupsjon ved Transparency International Norge, Foredrag om statleg eigarskap ved Nærings- og fiskeridepartementet, Besøk/foredrag hos Riksrevisjonen, Foredrag om henvendingar til kontrollutvalet ved Forum for Kontroll og Tilsyn og Foredrag om korrupsjon og økonomisk kriminalitet ved Økokrim. Nestleiar i kontrollutvalet Lars Fjelstad deltok 24.11.2022 på «Varslingsdagen» i regi av ADI advokater AS, Fritt ord og BI.

Det står og noko om opplæring i punkt 7 om FKT.

## 5. Fylkeskommunen sin valde revisor - Deloitte AS

Fellesnemnda vedtok 17.09.2020 å velje Deloitte AS som ekstern revisor for Vestland fylkeskommune frå 1. januar 2020 til og med 30. juni 2025.

Oppdragsansvarleg revisor i 2022 har vore partner Bjarne Ryland til sumaren 2022 då han gjekk av med pensjon. Som ny oppdragsansvarleg revisor tok partner Unni-Renate Moe over. Dei har begge

levert eigenvurdering vedrørende at Deloitte er uavhengig i høve Vestland fylkeskommune. I tillegg til dette har Deloitte orientert kontrollutvalet om vurderingar av eigen uavhengighet som dei har gjort fleire gonger i løpet av året.

## 6. Sekretariat for kontrollutvalet

Kontrollutvalet har eit eige sekretariat som skal yte kontrollutvalet den bistand som utvalet har trong for. Sekretariatet er administrasjon for kontrollutvalet. Dei skal m.a. sjå til at dei saker som vert behandla i utvalet er forsvarleg utgreidd og dei gjer forslag til innstilling i saker til kontrollutvalet.

Sekretariatet har løyve til å selje tenester til andre kommunar i fylket. Dette har resultert i at sekretariatet i 2022 leverte sekretærtjenester til kontrollutvala i desse kommunane: Øygarden, Samnanger, Stord, Kvinnherad, Bømlo, Tysnes, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Bjørnafjorden, Fitjar, Vaksdal, Askøy og Austevoll. I tillegg til dette har sekretariatet vore settesekretariat for kontrollutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune i delar av 2022.

Sekretariatet disponerte pr. 31.12.2022 i alt 5 tilsette med til saman 4,6 årsverk.

## 7. Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

FKT er ein interesseorganisasjon for kontrollutvala i Noreg og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune og sekretariatet er begge medlemmer i FKT.

FKT sin årlege fagkonferanse vart halde i tidsrommet 08. - 09.06.2022. Årsmøtet vart gjennomført første dag. Vestland fylkeskommune hadde ein deltakar på denne konferansen. Kontrollutvalet har også fått diverse informasjon frå FKT presentert som referatsaker kontrollutvalsmøta i løpet av året.

## 8. Den økonomiske situasjonen i Vestland fylkeskommune

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune behandla i møte 09.05.2022 årsrekneskapen for 2021 for Vestland fylkeskommune der det vert gjeve m.a. slik uttale:

*Kontrollutvalet vil gjere fylkestinget merksam på følgjande forhold:*

- *Viktige nøkkeltal i årsrekneskapen:*
  - Netto driftsresultat er på 9,14 % av driftsinntektene, tilrådinga frå TBU er minst 4 %
  - Gjeldsgrad er berekna til 90,3 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen tilrår maks 75%
  - Gjeldsbelastning er berekna til 5,92 % av driftsinntektene. Fylkeskommunen sitt eige måltal er på maksimum 5%.
  - Disposisjonsfond er berekna til 11,73 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5%. Fylkeskommunen sitt eige måltal er på 10 %.

*Vidare hadde kontrollutvalet slik oppsummering:*

- *Det vert tilrådd at Vestland fylkeskommune prioriterer å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram i revisjonsrapport nr. 4 for 2021 frå Deloitte AS*
- *Dei ikkje-økonomiske krava i koml § 14-7 c- f og koml. § 25-2 er omtalt i årsmeldinga på ein tilfredsstillande måte*

På bakgrunn av denne uttalen vart det gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Vestland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2021.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 4 for 2021 frå Deloitte AS ber kontrollutvalet om at fylkesdirektøren kjem i møte 12.09.2022 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten.

Fylkesdirektør orienterte om kva som er gjort i høve forbetningsområda som kjem fram i revisjonsrapport 2021 nr. 4 frå Deloitte i møte i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 12.09.2022 der det vart gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.»

## 9. Fylkeskommunal økonomisk bærekraft

Med bakgrunn i kommunelova §§ 14-1, 14-2 og 23-2 orienterte fylkesdirektør både skriftleg og munnleg i møte 14.02.2022 om status på kommunal økonomisk bærekraft i Vestland fylkeskommune. Av den skriftlege informasjonen kom det m.a. fram dette:

«Fylkesdirektøren vil til punkt 3 kommentere at ein for det som gjeld vedlikehald av bygningsmassen har god kontroll og gode planar for å redusere, og på sikt hente inn etterslepet.

Notatet som gjeld fylkesvegområdet viser at vedlikehaldsetterslepet er mykje større og dermed vanskelegare å redusere. I arbeidet med regional transportplan har det vore prioritert å vri innsatsen frå investeringar til vedlikehald, nettopp for å snu utviklinga som har bygt seg opp over mange år og resultert i eit stort vedlikehaldsetterslep i begge dei to tidlegare fylkeskommunane.»

«Med avgrensa økonomisk handlingsrom er det ein utfordrande balansegang å finne rom for både å ta att vedlikehaldsetterslepet og innfri behov for nyinvesteringar. Etter fylkesdirektøren sitt syn har arbeidet med regional transportplan vore eit steg i rett retning for å svare på denne utfordringa.»

På bakgrunn av den skriftlege og munnlege informasjonen gjorde kontrollutvalet slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune tek orienteringa frå fylkesdirektør om status på vedlikehaldsetterslep til orientering.
2. Kontrollutvalet ber fylkesdirektør om å sende ny skriftleg status på vedlikehaldsetterslep i Vestland fylkeskommune til det første møte i utvalet i 2023.

## 10. Rekneskapsrevisjonen

Deloitte orienterte kontrollutvalet gjennom heile året om status når det gjeld rekneskapsrevisjonen. Uttale frå revisor om gjennomført forenkla etterlevingskontroll for 2021 vart lagt fram for kontrollutvalet i møte 12.09.2022 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet tek uavhengig revisor sin attestasjonsuttale om etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltninga til etterretning.*
2. *Kontrollutvalet registrerer for øvrig at det er ei anna sak i dette møtet, der fylkesdirektøren orienterer om overskridingar hjå Bybanen utbygging*

Deira plan for rekneskapsrevisjon for 2022 vart presentert for utvalet i møte 12.09.2022. Vidare orienterte Deloitte kontrollutvalet om den utførte risiko- og vesentlegvurderinga om forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga for 2022 i same møte.

Dei presenterte den gjennomførte interimrevisjonen for 2022 for kontrollutvalet i møte 28.11.2022. Deloitte har i samband med interimrevisjonen gjort særskilde vurderingar av rutinar innan delar av internkontrollen i fylkeskommunen.

På bakgrunn av interimrevisjonsrapporten gjorde kontrollutvalet slikt vedtak:

*«Kontrollutvalet tek interimrevisjonsrapport 2022 frå Deloitte AS til orientering.»*

## 11. Forvaltningsrevisjonar i 2022

Kommunelova § 23-2. Kontrollutvalgets ansvar og myndighet punkt c lyd slik:

*«Kontrollutvalget skal påse at:*

*c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i.»*

Vidare går det fram av kommunelova § 23-3. Forvaltningsrevisjon dette:

*«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.»*

Kontrollutvalet vurderer m.a. kvaliteten i saksbehandlninga og om vedtak og premisser er tilstrekkeleg klårt utforma til at vedtaka kan effektuerast. I den nye kommunelova gjeld dette også internt i selskap som fylkeskommunen har eigarinteresser i. I punkta nedanfor kjem kort omtale av dei forvaltningsrevisjonane som kontrollutvalet har behandla i 2021.

### 11.1. Plan for forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-3. Forvaltningsrevisjon lyd m.a. slik:

*«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.*

*Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»*

Kontrollutvalet gjennomførte i 2020, med god bistand frå Deloitte, ei slik risiko- og vesentlegvurdering av fylkeskommunen si verksemd og av verksemda i fylkeskommunen sine selskap.

[På bakgrunn av dette arbeidet vart det utarbeid ein plan for forvaltningsrevisjon som vart vedteke i fylkestinget 15.12.2020 der desse 24 prosjekta inngår i prioritert rekkefølge:](#)

1. Forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innan ulike sektorar
2. Forvaltningsrevisjon av kvalitet i opplæringa
3. Forvaltningsrevisjon av satsing på digitalisering
4. Forvaltningsrevisjon av fylkesvegforvaltninga
5. Forvaltningsrevisjon av styring og kontroll med investeringar
6. Forvaltningsrevisjon av drosjetilbod
7. Forvaltningsrevisjon av trygt og godt skulemiljø
8. Forvaltningsrevisjon av beredskapsorganiseringa
9. Forvaltningsrevisjon av anskaffingar og kontraktsoppfølging
10. Forvaltningsrevisjon av fagopplæring og lærlingeordninga
11. Forvaltningsrevisjon av internkontroll
12. Forvaltningsrevisjon av økonomistyring og budsjettering
13. Forvaltningsrevisjon av vedlikehald av skulebygg
14. Forvaltningsrevisjon av Beredt AS
15. Forvaltningsrevisjon av Hardanger Aks AS



16. Forvaltningsrevisjon av fullmaktsstruktur
17. Forvaltningsrevisjon av sakshandsaming og vedtaksoppfølging
18. Forvaltningsrevisjon av innkjøp
19. Forvaltningsrevisjon av etikk
20. Forvaltningsrevisjon av klima, miljø og berekraft
21. Forvaltningsrevisjon av universell utforming på kollektivtransport
22. Forvaltningsrevisjon av sakshandsaming knytt til akvakultur
23. Forvaltningsrevisjon av spesialundervisning
24. Forvaltningsrevisjon av verknader av koronapandemien for opplæring til sårbare grupper

Prosjekt nr. 1 «Tilskotsforvaltning innan ulike sektorar», prosjekt nr. 2 «Kvalitet i opplæringa» og prosjekt nr. 4 «Fylkesvegforvaltninga» er ferdig gjennomført. Prosjekt nr. 3 «Satsing på digitalisering» og prosjekt nr. 5 «Styring og kontroll med investeringar» er under arbeid og revisjonsrapportar skal etter planen vera ferdig høvesvis februar 2023 og januar 2023.

Kontrollutvalet fekk m.a. slik fullmakt frå fylkestinget 15.12.2020:

*«Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.»*

På bakgrunn av dette vart det gjort slikt vedtak i møte i kontrollutvalet 09.05.2022:

1. *Kontrollutvalet bestiller rullering av vedteken plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 i Vestland fylkeskommune frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.*
2. *Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.*
3. *Det er ei målsetting at prosessmøte med kontrollutvalet vert lagt til møte 28.11.2022.*
4. *Kontrollutvalet ønskjer at rulleringa, inkludert forslag til oppdatert plan for forvaltningsrevisjon, er klar frå Deloitte si side til handsaming i møte i første møte i kontrollutvalet i 2023.*
5. *Notat og oppdatert plan for forvaltningsrevisjon vert å sende sekretariatet innan 16.01.2023.*

Prosessmøte i tråd med punkt 3 i vedtaket over vart gjennomført i møte 28.11.2022 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet sluttar seg til endringane som må gjerast i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 for Vestland fylkeskommune, som resultat av endra risikobilete.*
2. *Notat og oppdatert plan vert å sende sekretariatet innan 30.01.2023 for vidare handsaming og godkjenning i møte i kontrollutvalet i 13.02.2023.*

## **11.2. Kvalitet i opplæringa**

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune bestilte i mai 2020 frå Deloitte forvaltningsrevisjon av kvalitet i opplæringa i Vestland fylkeskommune. Revisjonsrapporten vart behandla i fylkestinget 16.03.2022 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

*På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon innan kvalitet i opplæringa i Vestland fylkeskommune ber fylkestinget fylkesdirektøren syta for:*

1. *At det pågåande arbeidet med implementering av system for oversikt av kompetanse og kompetansebehov blir prioritert og ferdigstilt.*
2. *Å vurdere moglege tiltak for å redusere utfordringar med rekruttering av lærarar ved ein del skular/innanfor enkelte fagområde.*
3. *Å kartlegge i kva grad skulane har utfordringar med å sikre naudsynt kompetanse knytt til spesialundervisning, og set i verk tiltak ved behov.*
4. *Å sikre at det framover blir retta merksemd mot vidare utvikling av den digitale kompetansen på skulane.*
5. *At skulane tar i bruk verktøy som kan gi oversikt over omfang og utvikling når det gjeld vikarbruk og lærarause timar, og at det også blir utarbeidd oversikter som er eigna til å identifisere eventuelle variasjonar mellom skulane.*
6. *Å sørge for at vikarane i størst mogleg grad har relevant fagkompetanse og pedagogisk kompetanse, og sikrar at løysingar der assistentar gjennomfører spesialundervisning som skulle vore gjennomført av pedagogar berre blir nytta i avgrensa grad og i tilfelle der dette er vurdert å vere forsvarleg og til elevens beste.*
7. *Å sørge for tiltak for å redusere omfanget av lærarause timar.*
8. *Å sikre auka systematikk og føreseielegheit i arbeidet med å identifisere sårbare elevar under covid-19-pandemien og eventuelle andre kriser mm. Under dette tydelege roller og ansvar, klargjering av forventningar til prosessar og aktivitetar, samt auka merksemd mot å identifisere elevar med nye sårbarheiter.*
9. *Å gjere ei overordna kartlegging av IOPar (Individuell opplæringsplan) og årsrapportar for elevar med vedtak om spesialundervisning, for å få informasjon om i kva grad og i kva omfang det er vurdert at elevar har hatt manglande læringsutbytte som følgje av covid-19-pandemien.*
10. *Å sikre at det blir gjort sakkunnige vurderingar av ev. behov for spesialundervisning i alle tilfelle der elevar blir vurdert å ha så store tilretteleggingsbehov at det er sannsynleg at dei ikkje har tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet.*
11. *Fylkestinget ber også om at fylkesdirektør lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.06.2022 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*
12. *Fylkestinget ber også om at handlingsplanen vert lagt fram for Hovudutval for opplæring og kompetanse som ei referatsak.*

[I tråd med punkt 12 i vedtaket over handsama kontrollutvalet handlingsplan i møte 13.06.2022 der det vart gjort slikt vedtak:](#)

1. *Kontrollutvalet tar handlingsplan frå fylkesdirektør når det gjeld forvaltningsrevisjon av kvalitet i opplæringa så langt til orientering.*
2. *Kontrollutvalet har merka seg at administrasjonen har lagt fram ein god handlingsplan for å følgje opp denne forvaltningsrevisjonen.*
3. *Kontrollutvalet ber om at fylkesdirektøren kjem med ny skriftleg orientering om status i forbetningsarbeidet etter denne forvaltningsrevisjonen til første møte i utvalet i 2023.*
4. *Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 23.01.2023.*

## 11.3. Fylkesvegforvaltninga

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune bestilte i mai 2021 frå Deloitte forvaltningsrevisjon av fylkesvegforvaltninga i Vestland fylkeskommune. Revisjonsrapporten vart behandla i fylkestinget 28.09.2022 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon innan fylkesvegforvaltninga i Vestland fylkeskommune ber fylkestinget fylkesdirektøren syta for å:

1. *Utarbeide ein plan for ei strukturert evaluering og rapportering på dei viktigaste tiltaka som er presentert i Regional Transportplan (RTP), Handlingsprogram og Drifts- og vedlikehaldsstrategi.*
2. *Sette i verk tiltak for å sikre meir realistiske framdriftsplanar og betre prognosar for gjennomføring av utbyggings-, oppgraderings- og vedlikehaldsprosjekt*
3. *Gjennomføre risikovurderingar for kvart arbeidsområde for å sikre:*
  - a. *at ein har retningsliner og prosedyrar for dei vesentlege arbeidsprosessane*
  - b. *at ein kontrollerer etterleving av rutinar som er identifisert som særleg viktige*
4. *Gjennomgå eksisterande retningsliner og prosedyrar innan alle områda for å sikre at dei følgjer ein mal for kva som skal dekkast av desse dokumenta (til dømes målgruppe), at rutinane er dekkande og at referansar m.m. er oppdatert og fullstendige.*
5. *Etablere eit system for å undersøke etterleving av retningsliner og prosedyrar:*
  - a. *Gjennom å legge inn kontrollar i rutinane*
  - b. *Gjennom å etablere og følgje opp eit system for stikkprøver/etterkontrollar*
6. *Etablere rutinar og sikre god praksis for evaluering, erfaringsføring og læring i etterkant av prosjekt, som ein del av målet om kontinuerleg forbetring og utvikling.*
7. *Gjennomføre ny ROS-analyse og oppdatere beredskapsplanen for infrastruktur og veg når ROS-analysen er gjennomført.*
8. *Etablere tydeleg ansvar og fristar knytt til utarbeiding av temaplanar for beredskap i samsvar med overordna beredskapsplan og risikoanalysar (t.d. utsette strekningar, bru, ferjekai, mindre tunellar).*
9. *Sørge for at risikoanalysar og beredskapsplanar (inkludert plan for øvingar) for tunellar som er omfatta av tunellsikkerheitsforskrifta er i samsvar med regelverket*
10. *Utarbeide bemannings- og kompetanseplan som omfattar alle seksjonane.*
11. *Fylkestinget ber også om at fylkesdirektør lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.12.2022 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

Handlingsplan i tråd med punkt 11 i vedtaket over vart motteke innan fristen og skal handsamast i møte i kontrollutvalet 13.02.2023.

## 11.4. Satsing på digitalisering

Kontrollutvalet bestilte i møte 21.03.2022 forvaltningsrevisjon av «Satsing på digitalisering i Vestland fylkeskommune» frå Deloitte der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan "Satsing på digitalisering" og «.....».
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplanar i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplanar bes levert sekretariatet seinast innan 04.04.2022.
4. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne prosjektplanane.

I den godkjende prosjektplanen går det fram at forvaltningsrevisjonen har slikt føremål:

«Føremålet med prosjektet vil vere å kartleggje og vurdere fylkeskommunen si satsing på digitalisering, inkludert med omsyn målinnføring, organisering, integrering av informasjonssystema, prosjektgjennomføring, budsjettkontroll i digitaliseringsprosjekt, samt digital kompetanse.»

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. Har fylkeskommunen kartlagt potensial for digitalisering innan ulike verksemdsområde og tenester?
2. I kva grad følgjer fylkeskommunen opp at mål, strategiar og planar for digitalisering blir sett i verk?
  - a) Har fylkeskommunen utarbeidd mål, strategiar og planar for digitalisering?
  - b) Blir fylkeskommunen sine mål, strategiar og planar for digitalisering systematisk følgt opp, evaluert og eventuelt justert?
  - c) Blir nasjonale mål, strategiar og planar for digitalisering følgt opp av fylkeskommunen?
3. I kva grad har fylkeskommunen etablert ei føremålstenleg organisering av digitaliseringsarbeidet? a) Er det etablert ei tydeleg organisering av arbeidet med digitalisering, med klåre rolle- og ansvarstilhøve?
  - a) Sikrar fylkeskommunen tilstrekkeleg samhandling mellom ulike einingar i fylkeskommunen som er involvert i digitaliseringsarbeidet?
  - b) Samhandlar fylkeskommunen i tilstrekkeleg grad med andre aktørar om digitalisering?
4. I kva grad har fylkeskommunen sikra tilstrekkeleg integrering mellom informasjonssystema?
  - a) Er fylkeskommunen sine informasjonssystem tilstrekkeleg integrert med kvarandre?
  - b) Er fylkeskommunen sine informasjonssystem tilstrekkeleg integrert mot statlege informasjonssystem?
4. I kva grad blir fylkeskommunen sine digitaliseringsprosjekt gjennomført innanfor budsjett og tidsfrist?
  - c) Blir fylkeskommunen sine digitaliseringsprosjekt gjennomført innanfor vedteke budsjett?
  - d) Blir fylkeskommunen sine digitaliseringsprosjekt gjennomført innanfor vedteke frist?

5. I kva grad har dei tilsette i fylkeskommunen tilstrekkeleg digital kompetanse?
- a) Er det etablert rutinar for å gje tilsette opplæring i digitale system og rutinar?
  - b) Har dei tilsette tilstrekkeleg digital kompetanse?

## 11.5. Vald revisor og handtering av personopplysningar

I samband med at Deloitte orienterte kontrollutvalet om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon innan satsing på digitalisering i Vestland fylkeskommune i møte 24.10.2022 vart dette protokollert:

«Forvaltningsrevisor i Deloitte, Birte Bjørkelo, og forvaltningsrevisorane, Kjersti Gjuvsland og Erlend Risvand Mo, orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon av satsing på digitalisering og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det vart m.a. orientert om henvending frå Vestland fylkeskommune sitt personvernombod der det er stilt spørsmål ved om Deloitte er å rekne som behandlingsansvarleg for handsaming av data eller om dei er å rekne som databehandlar i samband med denne forvaltningsrevisjonen. Dersom det siste er tilfelle må det inngåast databehandlaravtale mellom Vestland fylkeskommune og Deloitte. Leiar i kontrollutvalet, Dan Femoen, har vorte orientert om saka før møtet og han, Deloitte og sekretariatet har signalisert at Deloitte bør reknast som behandlingsansvarleg.

Det er avtalt eit teams-møte med personvernombodet fredag 28.10.2022 for å komme fram til ei felles forståing av fakta i saka og finne praktiske løysingar for å få framdrift i forvaltningsrevisjonen. Forutan personvernombodet skal partnar i Deloitte, Birte Bjørkelo, leiar i kontrollutvalet, Dan Femoen, kontrollsjef, Hogne Haktorson, og seniorrådgjevar, Roald Breistein, delta i møtet.

Som ein konsekvens av dette er forvaltningsrevisjonen vorte forseinka og Deloitte føreslo ny frist for levering av revisjonsrapporten til 28.02.2023. Kontrollutvalet slutta seg til dette.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet vedtek at ny frist for levering av revisjonsrapport for forvaltningsrevisjon av satsing på digitalisering vert sett til 28.02.2023.
2. Kontrollutvalet tek elles informasjonen til orientering.

Det omtala teams-møtet vart halde 28.10.2022 der det var semje om følgjande konklusjon:

1. Deloitte AS som vald revisor for Vestland fylkeskommune har eit sjølvstendig behandlingsansvar for dei personopplysningar dei handsamar i sine kontrollhandlingar, altså at dei er behandlingsansvarlege.
2. Deloitte AS lagar ein protokoll som viser kva informasjon dei har motteke for kvart revisjonsoppdrag, vedteken prosjektplan med vedlegg vert lagt ved denne.
3. Ansvarleg avdeling for det aktuelle området i Vestland fylkeskommune lager ein behandlingsprotokoll, jf. personvernforordninga artikkel 30, der vedteken prosjektplan med vedlegg vert lagt ved. Deloitte sender prosjektplan for det aktuelle prosjektet til personevernombodet.

4. Sekretariatet sender skriftleg henvending til datatilsynet om denne problemstilling slik at vi kan få ei endeleg avklaring på kva som er rett måte å tolke det på.

Det vart send førespurnad til datatilsynet i tråd med punkt 4 over den 11.11.2022 der det vart bede om svar på desse spørsmåla:

1. Er den valde revisor for ein fylkeskommune eller kommune å betrakte som behandlingsansvarleg for dei personopplysningar dei handsamar i sine kontrollhandlingar, t.d. i samband med rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll eller andre kontrolloppgåver på vegne av kontrollutvalet?
2. Må det ligge føre databehandlaravtale, generelt sett eller prosjekt for prosjekt, mellom den valde revisor og aktuell fylkeskommune eller kommune?

Spørsmåla har nasjonal betydning ift. fleire hundre årlege forvaltningsrevisjonar i landet, store mengder kontrollhandlingar innan rekneskapsrevisjon, samt oppdrag innan eigarskapskontroll og andre enkeltvise bestillingar frå kontrollutval til revisor.

Svar frå Datatilsynet vart ikkje motteke innan utgangen av 2022.

## 11.6. Styring og kontroll med investeringsprosjekt

Kontrollutvalet bestilte i møte 21.03.2022 forvaltningsrevisjon av «Styring og kontroll med investeringar» frå Deloitte der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan «.....» og «Styring og kontroll med investeringar».
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplanar i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplanar bes levert sekretariatet seinast innan 04.04.2022.
4. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne prosjektplanane.

I den godkjende prosjektplanen går det fram at forvaltningsrevisjonen har slikt føremål:

«Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om Vestland fylkeskommune har etablert tilfredsstillande system og rutinar for å sikre kvalitet og effektivitet i styring av investeringsprosjekt innan veg, skule og IKT, under dette også for anskaffingar i investeringsprosjekt, samt om fylkeskommunen har tilfredsstillande system og rutinar for styring av den samla porteføljen av vedtekne investeringsprosjekt (porteføljestyring).»

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. Har fylkeskommunen etablert ein tilfredsstillande prosjektmodell for planlegging, gjennomføring og styring av investeringsprosjekt? Under dette:
  - a. Blir prosjekt organisert med klare rolle- og ansvarsforhold?
  - b. Har fylkeskommunen retningsliner og rutinar for planlegging og gjennomføring av sentrale aktivitetar i prosjekt?

- c. Er det etablert rutinar for å gjennomføre risikoanalysar av prosjekt (til dømes knytt til kvalitet, framdrift og økonomi i prosjekt), og blir det sikra at slike analysar blir gjennomført på eit tidleg nok tidspunkt?
  - d. Er det etablert rutinar for kvalitetssikring av prosjektplanlegging og -gjennomføring (til dømes i samband med utarbeiding av avgjerslegrunnlag for val av prosjekt, tekniske løysingsforslag, kostnadsestimat og framdrift)?
2. Har fylkeskommunen etablert system og rutinar for å førebu anskaffingar i investeringsprosjekt? 3  
Under dette:
- a. Har fylkeskommunen strategiar for gjennomføring av anskaffingar i prosjekt, under dette når det gjeld val av kontrakts- og entreprisform?
  - b. Er det etablert rutinar for å kvalitetssikre anbudsgrunnlag og kravspesifikasjonar som blir nytta i anskaffingar?
  - c. I kva grad blir etablerte strategiar og rutinar for førebuing av anskaffingar nytta og etterlevd i investeringsprosjekt?
  - d. Har fylkeskommunen sikra tilstrekkeleg kompetanse til gjennomføring av anskaffingar i investeringsprosjekt?
3. Har fylkeskommunen system og rutinar som sikrar tilfredsstillande oppfølging av prosjekt?
- a. Er ansvar for kontraktsoppfølging i investeringsprosjekt tydeleg plassert?
  - b. Er det etablert retningslinjer og rutinar for kontrakts- og leverandøroppfølging?
  - c. Har fylkeskommunen etablert system og rutinar for endrings- og avvikshandtering?
  - d. Er det etablert tilstrekkelege rutiner for rapportering?
  - e. I kva grad blir rapporteringsrutinar etterlevd?
4. Har fylkeskommunen etablert tilfredsstillande rutinar for avslutting av prosjekt, slik som rutinar for gjennomføring av sluttoppgjer og godkjenning av endeleg prosjektrekneskap og rutinar for evaluering og erfaringsoverføring/kunnskapsdeling frå gjennomførte prosjekt?
5. Har fylkeskommunen etablert system for overordna styring og kontroll med vedtekne investeringsprosjekt? Under dette:
- a. Er ansvar for styring av den samla investeringsporteføljen klart definert?
  - b. Har kommunen system som gir ei samla oversikt over alle vedtekne investeringar, under dette avvik og risikoforhold i den samla porteføljen?
  - c. Har kommunen rutinar som sikrar at informasjonen i systemet er fullstendig og korrekt?
  - d. I kva grad blir informasjonen i systemet

Det er også lagt inn slik avgrensing i prosjektet:

«Denne forvaltningsrevisjonen vil omhandle styring og gjennomføring av investeringsprosjekt som blir gjennomført innan tre sentrale område i fylkeskommunen: veg, vidaregåande skular og IKT. Forvaltningsrevisjonen vil ikkje omhandle styring og gjennomføring av investeringsprosjekt som skjer i regi av Bybanen Utbygging (byggetrinn 4 og 5). Dette ettersom system og rutinar for styring og gjennomføring av investeringsprosjekt i Bybanen Utbygging har blitt revidert nyleg.

På oppdrag frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune, gjennomførte Deloitte i 2019 ein forvaltningsrevisjon av internkontroll i Bybanen Utbygging. Forvaltningsrevisjonen inneheldt ei eiga problemstilling som omhandla system og rutinar for prosjektstyring i Bybanen Utbygging. I samandraget til den aktuelle forvaltningsrevisjonen gjekk det fram at Bybanen Utbygging har etablert rutinar for oppfølging av sentrale mål for prosjektet (styring av kostnader, framdrift og kvalitet), samt rutinar for strukturert styring av usikkerheit i dei ulike entreprisane som byggetrinn 4 er sett saman av. Revisjonen meinte i samband med den aktuelle forvaltningsrevisjonen at dei rutine Bybanen Utbygging har etablert, i stor grad er i samsvar med dei føringar og grunnleggjande prinsipp som er nedfelt i anerkjente standardar for prosjektstyring, både når det gjeld framdrifts- og kostnadsstyring, og når det gjeld identifisering, overvaking og oppfølging av risiko i prosjekt.»

## 11.7. Beredskapsordninga

Kontrollutvalet bestilte i møte 28.11.2022 forvaltningsrevisjon av «beredskapsordninga» frå Deloitte der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan beredskapsordninga.*
2. *Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.*
3. *Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 23.01.2023.*
4. *Prosjektplanen skal handsamast i møte i kontrollutvalet 13.02.2023.*



## 3. Eigarskapskontrollar i 2022

I gamal kommunelov var dette omtala som selskapskontroll som innebar både forvaltningsrevisjon i fylkeskommunen sine selskap og fylkeskommunen si eigaroppfølging av selskapa.

Etter ny kommunelov er det no slik at forvaltningsrevisjon i fylkeskommunen sine selskap skal inngå i plan for forvaltningsrevisjon som er omtala i punkt 12 frammanfor.

Kommunelova § 23-2. Kontrollutvalgets ansvar og myndighet punkt d lyd slik:

*«Kontrollutvalget skal påse at:*

*d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll).»*

Vidare går det fram av kommunelova § 23-4. Eierskapskontroll dette:

*«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.»*

### 3.1. Plan for eigarskapskontroll

Kommunelova § 23-4. Eierskapskontroll lyd m.a. slik:

*«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.»*

*Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»*

Kontrollutvalet gjennomførte i 2020, med god bistand frå Deloitte, ei slik risiko- og vesentlegvurdering av fylkeskommunen sin eigarskap i selskap.

På bakgrunn av vart det utarbeid ein plan for eigarskapskontroll som vart vedteke i fylkestinget 15.12.2020 der desse 2 prosjekta inngår i prioritert rekkefølge:

1. Eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter.
2. Eigarskapsforvaltning (overordna)

Prosjekt nr. 1 «Eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter» er ferdig gjennomført i 2021.

Kontrollutvalet fekk m.a. slik fullmakt frå fylkestinget 15.12.2020:

*«Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.»*

På bakgrunn av dette vart det gjennomført ei evaluering av planen i møte 28.11.2022 der det vart gjort slikt vedtak:

*«Kontrollutvalet vedtek at gjeldande plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 vert vidareført slik den ligg føre.»*

Det er ikkje gjennomført eigarskapskontroll i 2022.

### **3.2. Overordna eigarskapsforvaltning**

Kontrollutvalet bestilte i møte 28.11.2022 eigarskapskontroll av «overordna eigarskapsforvaltning» frå Deloitte der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning.*
2. *Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.*
3. *Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 23.01.2023.*
4. *Prosjektplanen skal handsamast i møte i kontrollutvalet 13.02.2023.*

## 4. Andre saker

### 4.1. Prosjektrekneskapar

I møte 14.02.2022 orienterte fylkesdirektør, Rune Haugsdal, og egedomsdirektør, Jostein Fjærestad, om korleis gjeldande retningsliner for prosjektrekneskap vert praktisert i Vestland fylkeskommune.

Det kom m.a. fram dette:

- *Dei fleste gamle prosjektrekneskapar vil verta ferdig avslutta i første halvår 2022, både frå gamle Sogn og Fjordane og Hordaland*
- *Målet framover er at prosjektrekneskapa skal vera ferdig 2 år etter ferdigstilling*
- *Deretter vert avsette garantimidlar lagt inn som kostnader i ein reklamasjonspott*
- *Reglene skal også gjelde for samferdsleprosjekt*

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

*Kontrollutvalet tar informasjonen frå fylkesdirektør til orientering.*

Etter dette i 2022 vedtok kontrollutvalet uttale på 6 prosjektrekneskapar der det vart gjort m.a. slikt vedtak i møte 09.05.2022:

1. *Kontrollutvalet viser til konklusjonen frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapen i det alt vesentlege er utarbeidd i samsvar med grunnlaget for rekneskapsavlegginga.*
2. *Kontrollutvalet merkar seg at det framleis kan tyde på at dei nye retningslinene for prosjektrekneskapar enno ikkje er ferdig innarbeidd i Vestland fylkeskommune.*
3. *Kontrollutvalet ber fylkesdirektør komme i møte 12.09.22 for å orientere munnleg om status når det gjeld ny praksis for rutinar for avlegging av prosjektrekneskapar, jf. orientering som vart gjeve i utvalet i sak PS 2/22 i møte 14.02.2022*

I møte 12.09.2022 orienterte egedomsdirektør, Jostein Fjærestad, på nytt om status for ny praksis for avlegging av prosjektrekneskapar i Vestland fylkeskommune og kontrollutvalet gjorde slikt vedtak:

«Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.»

### 4.2. Tilpasning til ny personvernlov

Fylkesdirektør har ved fleire høve i 2019 orientert kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune om status i høve arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Vidare har kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune fått orientering om same sak 2 gonger i 2020, 2 gonger i 2021 og 2 gonger i 2022 seinast i møte 13.06.2022 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet tar informasjonen frå fylkesdirektør om status for etterleving av personvernregelverket så langt til orientering.*
2. *Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg og munnleg orientering om status i arbeidet med ny personvernlov til første møte i utvalet i 2023.*
3. *Den skriftlege orienteringa vert å sende sekretariatet innan 23.01.2023.*

I dette møtet vart også dette protokollert:

- Samla avdeling på Leikanger med personvernombod, personvernrådgjevar og rådgjevar innan IT-sikkerhet og beredskap samla på Leikanger
- Nytt personvernombod starta opp 19.04.22
- Ny personvernrådgjevar startar opp 05.09.2022
- Informasjon på heimesida skal betrast
- 15 avvik sidan september 2021, 2 meldt til datatilsynet
- 8 avvik er ikkje brot på personvernregelverket, men ordinære avvik

Kontrollutvalet har handsama i møte 21.03.2022 fylkesdirektøren sitt skriftlege svar når det gjeld om det er avsette tilstrekkeleg med ressursar til personvernarbeidet der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå fylkesdirektør om ressursar til arbeid med personvern så langt til orientering.
2. Vidare oppfølging av saka skjer i samband med at ny status på oppfølging er bestilt til kontrollutvalet til 23.05.2022, jf. PS 6/22 frå møte 14.02.2022.

### **4.3. Påstandar om kritikkverdige forhold**

I møte i kontrollutvalet 29.11.2021 vart det gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS, på bakgrunn av det mottekne varselet, gjennomføre ei forundersøking.
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan vert å levere sekretariatet innan 13.12.2021.
4. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenne prosjektplanen. Resten av utvalet skal også få høve til å uttale seg om forslaget med ein kort svarfrist.
5. Det er ei målsetting at resultatet av forundersøkinga skal handsamast i kontrollutvalet 14.02.2021 og den bes levert sekretariatet innan 31.01.2022.

På bakgrunn av punkt 5 i vedtaket over vart forundersøkinga handsama i møte i kontrollutvalet 14.02.2022 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tar forundersøkinga frå Deloitte om påstandar om kritikkverdige forhold til orientering.
2. Kontrollutvalet ber på bakgrunn av forundersøkinga Deloitte gjennomføre ei undersøking av temaa som varselet omhandlar med utgangspunkt i dei 9 problemstillingane som går fram av saka.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslaget.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Vestland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 29.08.2022, ferdig verifisert og med aktuelle uttaler vedlagt og/eller innarbeidd.

På bakgrunn av punkt 5 i vedtaket over vart revisjonsrapport handsama i møte i kontrollutvalet 12.09.2022 der det vart gjort slikt vedtak:

1. På bakgrunn av gjennomført undersøking av påstandar om kritikkverdige forhold i Vestland fylkeskommune tar kontrollutvalet rapporten til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om at rapporten saman med saksframlegg og vedtak vert send fylkestinget som ei referatsak.

## 4.4. Kontrollutvalet si rolle i varslingsaker

Kontrollutvalet vedtok i møte 24.10.2022 slik innstilling til fylkestinget i sak PS 73/22:

1. Fylkestinget har intensjon om at kontrollutvalet, av omsyn til naudsynt uavhengigheit, ikkje lenger skal ha ei rolle i varslingsaker slik det er omtala i «Folkevalde i Vestland fylkeskommune – Rettar og plikter» i punkt 9.3, punkt 2.
2. Fylkestinget vedtek at rutinane for varsling for folkevalde skal reviderast slik at dei vert både tilstrekkeleg utfyllande og fullt ut føremålstenlege. I dette ligg det også ei vurdering av kven som bør handtere varsel mot politisk leiing.

Fylkestinget handsama saka i møte 14.12.2022 der innstillinga vart samrøystes vedteke.

## 4.5. Øvrige saker i kontrollutvalet i 2022

- Fylkesdirektøren orienterte munnleg eller skriftleg m.a. om:
  - 2 gonger om varslings sak ved ein vidaregåande skule
  - 2 gonger om varslings sak gjeldande brot på regelverket om offentlege anskaffingar
  - 2 gonger om rutinar og system for anonym varsling for elevar
  - Beredskapsplanar i Vestland fylkeskommune
  - Rett klassifisering av vegar
  - Status for etikkarbeidet i Vestland fylkeskommune
  - Budsjettoverskriding for Bybanen til Fyllingsdalen
- Forslag til kurs i regi av Deloitte
- Årsmelding for 2021 for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune
- Budsjettforslag for kontrollarbeidet i Vestland fylkeskommune for 2023
- Rekneskapsresultat for kontrollutvalet i løpet av året
- Behandling av henvendingar til kontrollutvalet
- Desse mottekne henvendingane som vart teke med som innspel i arbeidet med rullering av plan for forvaltningsrevisjon
  - Frå Norsk jernbaneklubb om manglande journalføring mv.
  - Om vindkraft
  - Frå hovudverneombod i Equinor gjeldande prøvenemnder for fagprøver i Bergen
  - Om rettleiingstenesta

# OPPFØLGING AV TIDLEGARE GJENNOMFØRTE FORVALTNINGSREVISJONAR, SELSKAPSKONTROLLAR OG EIGARSKAPSKONTROLLAR

Kontrollutvalet har i løpet av 2022 fulgt opp status på kva tiltak som er sett i verk i høve fylkestinget sine vedtak i gjennomførte forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar i tidlegare Hordaland fylkeskommune og Vestland fylkeskommune. Resultatet av dette arbeidet går fram av punkta under.

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at fylkestinget sine vedtak i samband med behandling av revisjonsrapportar vert fulgd opp. Det vert vist til forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 5 som lyd slik:

*«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak om regnskapsrevisjoner, forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om vedtaket er fulgt opp.»*

## 1. Vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune bestilte i februar 2019 frå Deloitte «Vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular». Revisjonsrapporten vart behandla i fylkestinget 12.06.2019 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av rapport om vurdering av finansiering av spesialundervisning i friskular ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre at berekning av «pott» til refusjon av kostnader til spesialundervisning ivaretek krav om likebehandling og krav om at berekninga av midlar til spesialundervisning skal vere relatert til talet elevar med spesialundervisning. I dette ligg det også at det må vurderast om måten å berekne «potten» på er den rette, då noverande berekningsmodell ikkje sikrar likebehandling.
2. Utarbeide skriftlege retningslinjer og rutinar som skildrar modellen som blir nytta, prosessen med berekning av refusjon til skulane, eventuelle kompenserte tiltak mv.
3. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 04.11.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen må også innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.
4. Fylkesrådmannen gjer ei ny vurdering av innkomne krav for refusjon av utgifter til spesialundervisning i perioden frå fylkeskommunen endra modellen for refusjon av utgifter til spesialundervisning. Gjennomgangen skal gjerast med sikte på å eventuelt tilbakebetale manglande utgiftsdekning for friskolane.

Handlingsplan i tråd med punkt 3 i vedtaket over vart behandla i møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 25.11.2019. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune behandla ny oppfølging av denne saka 1 gong i 2020, 1 gong i 2021 og seinast i møte 21.03.2022 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ber om ny status på oppfølging av revisjonsrapport «Vurdering av finansiering av friskular» innan 15.05.2023.
2. Kontrollutvalet merkar seg at oppfølging av denne revisjonen har teke sær lang tid og at det sumaren 2023 vil vera 4 år sidan Hordaland fylkesting gjorde vedtak i saka.

## 2. Selskapskontroll av Bybanen AS

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune bestilte i oktober 2016 selskapskontroll av Bybanen AS. Etter at arbeidet var starta opp blei det sett i gang omorganisering av selskapet m.a. på bakgrunn av ein tilsynsrapport frå Jernbanetilsynet. Kontrollutvalet vedtok på bakgrunn av dette å utsette denne selskapskontrollen til ny organisering hadde fått virke ei stund.

I møte i kontrollutvalet 24.09.18 vart saka starta opp igjen og revisjonsrapport vart behandla i møte i fylkestinget 01.10.2019 der det vart gjort slikt samrøystes vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Bybanen AS ber fylkestinget **fylkesrådmannen** om å syta for at desse tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune:

1. Utarbeide ein eigarskapsstrategi for Bybanen AS
2. Sikre ei føremålstenleg budsjettoppfølging av Bybanen AS, inkludert formalisering av storleiken på overskotet.
3. Syte for at mandatet til valnemnda blir skriftleggjort
4. Sikre at grunngjeving av val av styremedlemmar blir skriftleggjort
5. Syte for at tilrådingane i evalueringsrapporten frå Karabin blir følgt opp, og under dette koordinere og følgje opp arbeidet på ein planmessig måte for å sikre lik forståing av roller og ansvar i ny organisasjonsmodell
6. Bidra til å fullføre revidering av avtaleverket slik at det speglar ny organisasjonsmodell og klargjer grenseflatene mellom aktørane
7. Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.03.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Bybanen AS ber fylkestinget **selskapet** om å:

1. Utarbeide ein styreinstruks
2. Registrere styremedlemmar i styrevervregisteret
3. Avklare budsjettprosess med eigar, og syte for at rutinane for budsjettarbeidet blir skriftleggjort
4. Gjere ei dokumentert vurdering av nivå på driftsoverskot og sikre at eit ev. påslag er forankra hjå eigar og formaliserast i avtalen med fylkeskommunen
5. Vurdere tiltak for å sikre betre informasjonsflyt ved driftshendingar, inkludert:
  - a) Ferdigstille rutinar og prosedyrar knytt til intern informasjonsflyt i selskapet, og sikre at desse er kjende i organisasjonen
  - b) Bidra til å finne løysingar og å etablere prosedyrar for å sikre at relevant informasjon blir utveksla mellom Bybaneaktørane på ein effektiv og rasjonell måte.
6. Bidra til å fullføre revidering av avtaleverket slik at det speglar ny organisasjonsmodell og klargjer grenseflatene mellom aktørane
7. Fylkestinget ber også om at selskapet lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.03.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har behandla oppfølging av denne selskapskontroll 2 gonger i 2020 og 2 gonger i 2021 og seinast i møte 13.06.2022 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune tar informasjonen frå **fylkesdirektør og Bybanen AS** om gjennomført forbetningsarbeid etter selskapskontroll i Bybanen AS til orientering.
2. Kontrollutvalet er nøgd med tilbakemeldinga, seier seg ferdig med saka og ønskjer lukke til vidare.

### 3. Informasjonstryggleik

Kontrollutvalet bestilte 11.05.2020 forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik i Vestland fylkeskommune. Revisjonsrapporten vart behandla i fylkestinget 15.12.2020 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon innan informasjonstryggleik ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for at det vert sett i verk tiltak for å sikre følgjande:

1. at fylkeskommunen sitt styringssystem blir gjort ferdig og implementert i organisasjonen, og som del av dette sikre at:
  - a) ansvarsforhold knytt til informasjonstryggleik blir gjort kjend og etterlevd av dei tilsette
  - b) rutinar for informasjonstryggleik blir gjort ferdige, kjende og blir etterlevd av dei tilsette
  - c) det blir gjennomført tilstrekkeleg kontroll og etterprøving av informasjonstryggleiken
2. at ansvar og rutinar for å hindre uautorisert innsyn i konfidensielle opplysningar er utfyllande, tydelege og blir etterlevd, og som del av dette gjer tiltak for at tilsette:
  - a) praktiserer trygg bruk av e-post, t.d. gjennom nettfiskeforsøk
  - b) nyttar sikker sone ved lagring av konfidensielle opplysningar
  - c) krypterer konfidensielle opplysningar som ikkje er lagra i sikker sone
3. at ansvar og rutinar for å hindre uautorisert tilgang til informasjonssystema er utfyllande, tydelege og blir etterlevd, og som del av dette gjer tiltak for å:
  - a) sikre at tilsette har nødvendige tilgangar
  - b) sikre at tilsette ikkje har tilgangar utan at det er tenestleg behov
4. at krava i personvernforordninga blir etterlevde, og som del av dette:
  - a) føre protokoll over alle behandlingar av personopplysningar
  - b) signere databehandlaravtalar med alle kommunen sine databehandlarar
  - c) gjennomføre risikovurderingar knytt til behandlingar av personopplysningar
  - d) gjennomføre vurdering av personvernkonsekvensar ved behandlingar av personopplysningar med høg risiko
5. at systemeigarar og andre med ansvar knytt til informasjonstryggleik og personvern mottek tilstrekkeleg opplæring
6. at det blir utarbeidd tilstrekkeleg med informasjon om informasjonstryggleik til dei tilsette, og sikre at dei tilsette får den naudsynte opplæringa for å kunne ivareta informasjonstryggleiken på ein tilfredsstillande måte
7. Fylkestinget ber også om at fylkesrådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.03.2021 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.



Kontrollutvalet har følgd opp denne forvaltningsrevisjonen 2 gonger i 2021 og seinast møte 09.05.2022 der det vart gjort slik vedtak:

1. *Kontrollutvalet merkar seg som positivt at fylkeskommunen har gjort litt meir forbetningsarbeid etter forvaltningsrevisjon innan informasjonstryggleik sidan sist rapportering men at det framleis er ein del arbeid som står att.*
2. *Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av punkta 2 til 5 av til første møte i kontrollutvalet i 2023, med frist for levering til sekretariatet innan 16.01.2023.*

## 4. Tannhelse

Kontrollutvalet bestilte 11.05.2020 forvaltningsrevisjon innan tannhelse i Vestland fylkeskommune. Revisjonsrapport vart behandla i fylkestinget 16.06.2021 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

«På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon innan tannhelse ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for at det vert sett i verk tiltak for å:

1. *Inngå samarbeidsavtalar med alle kommunar i fylket, og etablere system som sikrar ei god og tilstrekkeleg rapportering på inngåtte avtalar*
2. *Prioritere å revidere samarbeidsavtalane med barnevern og statlege asylmottak*
3. *Evaluere om samarbeidsavtalane fungerer som føresett, inkludert evaluere om avtalane er tilstrekkeleg tydeleg for dei partane som skal bruke dei*
4. *I større grad kunne gi eit regelmessig og oppsøkjande tilbod til personar med ruslidingar og eldre, langtidssjuka og uføre i heimepleie*
5. *Sørgje for at tilrettelagde tannhelsetilbod til tortur- og overgrepsutsette og personar med sterk angst for tannbehandling (TOO-tilbod) og tilbod til betalande pasientar ikkje går ut over tilbodet til pasientar i prioriterte grupper*
6. *Vurdere om det er behov for tiltak knytt til at nokre tilsette opplever at dei ikkje har ressursar til å gje tannbehandling av god nok fagleg kvalitet*
7. *Sørgje for at rutinar for journalrevisjon blir gjort kjent for og følgt av alle tannklinikkane*
8. *Utarbeide oversikt over kva tilleggskompetanse som finst på tannklinikkane, slik at kompetansen ved behov kan nyttast på tvers*
9. *Etablere eit system for å halde oversikt over klager innan tannhelsetenesta for å vere kjend med talet på klagar og for å nytte desse i forbetningsarbeid på tvers av tannklinikkane*
10. *Vurdere om det er behov for retningslinjer og meir informasjon om tilrettelagde tannhelsetilbod til tortur- og overgrepsutsette og personar med sterk angst for tannbehandling (både pasientretta informasjon og retningslinjer til internt bruk)*
11. *Sikre at tilsette i tannhelsetenesta kan førebyggje, avdekke og avverge vald, overgrep og omsorgssvikt, mellom anna ved å sørgje for at:*
  - a. *det ligg føre tilstrekkelege system, rettleiarar og rutinar til hjelp i arbeidet*
  - b. *tilsette har tilstrekkeleg kompetanse*
  - c. *tilsette har tilgang på ressurspersonar som kan kontaktast for råd og rettleiing*
  - d. *tilsette er kjent med at helsepersonell har ei sjølvstendig meldeplikt til barnevernet og kva meldeplikta inneberer*
12. *Sørgje for at det blir utarbeidd realistiske budsjett for tannhelsetenesta, mellom anna ved å:*
  - a. *utarbeide skriftlege rutinar for budsjettprosessen, som beskriv kva forhold som skal vurderast, kven som skal involverast, kva tidspunkt ulike aktivitetar og oppgåver skal gjennomførast og kven som har ansvar for dei ulike oppgåvene i prosessen*

- b. identifisere og dokumentere kva tiltak som er nødvendig for å lukke budsjettavviket ved tannhelsetenesta sitt kompetansesenter (TkVestland)
  - c. utarbeide realistiske og korrekte budsjett for alle relevante nivå av tannhelsetenesta der alle kjente inntekter, utgifter og kostnadsdrivarar blir vurdert og tatt omsyn til
  - d. innføre kvalitetssikringstiltak av budsjetta
  - e. vurdere om klinikkleiarar bør ha ei større rolle i utarbeiding av budsjett for tannklinikkane
  - f. etablere betre system for økonomirapportering for alle relevante nivå av verksemda som gjer det mogeleg å setje i verk tiltak undervegs i året ved avvik frå budsjett
13. Sørgje for at føring av rekneskapen blir gjort i samsvar med forskrift om føring av adskilde rekneskap, og under dette også:
- a. Få oversikt over konkurransesituasjonen i dei områda fylkeskommunen tilbyr tenester til betalande pasientar, inkl. vurdere om TkVestland er i konkurranse med private tilbydarar
  - b. Vurdere å gjere fordelinga av inntekter og utgifter for tenester til prioriterte pasientar og betalande pasientar oftare enn berre ved årsslutt, til dømes tertialvis, slik at det undervegs i året er mogeleg å setje i verk tiltak ved risiko for kryssubsidiering
14. Utarbeide rutinar for fakturering av kommunar og NAV.
15. Fylkestinget ber også om at fylkesrådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.09.2021 for punkt 11 og innan 01.10.2021 for øvrige punkt, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Kontrollutvalet har følgd opp denne forvaltningsrevisjonen 1 gong i 2021 og 1 gong i møte 28.11.2022 der det vart gjort slik vedtak:

1. Kontrollutvalet merkar seg som positivt at fylkeskommunen har gjennomført litt meir av forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon innan tannhelse sidan førre rapportering, men at det framleis er ein del arbeid som står att.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen for punkta 1, 3, 4, 8 og 10 til møte i utvalet 12.06.2023
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 22.05.2023.

## 5. Tilskotsforvaltning innan ulike sektorar

Kontrollutvalet vedtok i møte 25.11.2020 å gjennomføre forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innan ulike sektorar i Vestland fylkeskommune. Revisjonsrapport vart behandla i fylkestinget 16.12.2021 der vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

«På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning i Vestland fylkeskommune ber fylkestinget fylkesdirektøren syta for å:

1. Utarbeide ei rutine for jamleg evaluering av tilskotsordningane med omsyn til om dei bidreg til dei føremåla fylkeskommunen har definert. Kva ordningar som blir evaluert bør vere basert på ei risikovurdering.
2. Sikre at vurderingskriterium for tilskotsordningar er tydelege med omsyn til målgruppe for ordningane, kriterium for tildeling og kriterium for korleis støttebeløp blir fastsett.

3. *Utarbeide felles rettleiing, rutinar og sjekklister til bruk i tilskotsforvaltning, som blir brukt på tvers av avdelingane i fylkeskommunen, og som bidrar til å sikre at tildeling av tilskot er i samsvar med reglane i forvaltningslova og god forvaltningsskikk.*
4. *Sikre at tildeling av tilskot blir gjort i samsvar med forvaltningslov og god forvaltningsskikk, under dette mellom anna*
  - a. *Dersom fylkeskommunen skal halde fram med å tildele driftstilskot til kunst, kultur og idrett som del av budsjettprosessen til fylkestinget og ikkje etter reglane om enkeltvedtak, bør det gjerast ei juridisk vurdering av dette.*
  - b. *Vurdere korleis ein skal sikre at krav i forvaltningslova og prinsippa om god forvaltningsskikk blir følgt ved tildeling av midlar til søknadar som er komne inn utanom opne søknadsrunder*
5. *Utarbeide system for å sikre at avdelingar på tvers kan ha oversikt over kva tilskotsmottakarar som har søkt og fått midlar frå ulike ordningar, samt utarbeide rutinar for samhandling og koordinering på tvers av avdelingar*
6. *Utarbeide felles rettleiing og legge til rette for erfaringsdeling på tvers av avdelingar knytt til vurderingar opp mot statsstøtteregulverket*
7. *Utarbeide felles rettleiing og rutinar for habilitetsvurderingar som inneheld omtale av*
  - a. *at habilitet skal vurderast for kvar enkelt søknad og at vurderinga skal dokumenterast sjølv om det ikkje blir identifisert inhabilitet*
  - b. *kva forhold/relasjonar som kan medføre inhabilitet*
  - c. *korleis søknadar skal handsamast ved identifisert inhabilitet, inkludert problemstillingar knytt til konkurranseaspektet ved vurderingar av andre søknadar ved identifisert inhabilitet knytt til ein av søknadane*
8. *Sikre at manglande rapportering frå tilskotsmottakarar blir følgt opp*
9. *Gjennomføre risikovurderingar knytt til behov for nærare oppfølging av tilskotsmottakarar*
10. *Gjennomføre stikkprøver eller andre kontrolltiltak for å sikre at skriftlege rutinar blir etterlevd i praksis*
11. *Fylkestinget ber også om at fylkesdirektør lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.03.2022 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Kontrollutvalet har følgd opp denne forvaltningsrevisjonen 2 gonger i 2022, seinast møte 24.10.2022 der det vart gjort slik vedtak:

1. *Kontrollutvalet merkar seg som positivt at fylkeskommunen er komme ein god del lenger med forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon innan tilskotsforvaltning, men at det framleis er noko arbeid som står att.*
2. *Kontrollutvalet ber om at fylkesdirektøren kjem med ny skriftleg status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen til møte i utvalet i 27.03.2023.*
3. *Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 06.03.2023.*

## 6. Eigarskapskontroll av arbeidsmarknadsbedriftene

Kontrollutvalet vedtok i møte 10.05.2021 å gjennomføre eigarskapskontroll av arbeidsmarknadsbedriftene i Vestland fylkeskommune. Revisjonsrapport vart behandla i fylkestinget 16.12.2021 der vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

«På bakgrunn av gjennomført eigarskapskontroll av arbeidsmarknadsbedrifter i Vestland fylkeskommune ber fylkestinget fylkesordførar i samråd med fylkesdirektør syta for å:

1. *Sikre at eigarstrategien for arbeidsmarknadsbedriftene blir utarbeidd som planlagt.*

2. *Drøfte føremålet med eigarskapa i arbeidsmarknadsbedriftene i samband med utarbeiding og handsaming av eigarstrategien, slik at det er tydeleg kva som er bakgrunnen for og intensjonen med eigarskapa.*
3. *Utarbeide ein felles eigarskapsstrategi med dei andre eigarane av arbeidsmarknadsbedriftene.*
4. *Sikre at arbeidsmarknadsbedriftene får informasjon om dei krav og føringar som fylkeskommunen har til sine eigarskap.*
5. *Etablere rutinar for å kontrollere at krav og føringar som fylkeskommunen har til selskapa blir følgt opp.*
6. *Evaluere prosessane knytt til nominasjon og styreval, for å sikre at desse blir opplevd som tydelege og ryddige av dei involverte,*
7. *Etablere rutinar for å gjennomføre jamlege eigarmøte*
8. *Sikre at nominering og val til styreverv er basert på kompetanse og eignaheit, og at grunngjeving for nominasjonar blir skriftleggjort*
9. *Sikre at styra følgjer opp sentrale tilrådingar frå KS, inkludert at:*
  - a. *bruk av valkomité blir vedtektsfesta.*
  - b. *det blir utarbeidd retningslinjer som regulerer valkomitéane sitt arbeid*
  - c. *alle styremedlemmar blir registrert i KS sitt styrevervregister*
  - d. *styra vurderer numeriske vararepresentantar*
  - e. *styra gjennomfører ei årleg eigenevaluering av eget arbeid og eigen kompetanse*
  - f. *styra – der eigenevaluering avdekkjer slikt behov – gjennomfører opplæring i styrearbeid*
  - g. *styra sikrar at instruks for dagleg leiar er oppdatert og dekkande*
  - h. *det blir utarbeidd styreinstruks*
  - i. *det blir etablert plan for styrearbeid*
  - j. *det blir gjennomført ein årleg gjennomgang av selskapa sine viktigaste risikoområder*
10. *Fylkestinget ber også om at fylkesdirektør lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.03.2022 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

[Kontrollutvalet har følgd opp denne eigarskapskontrollen 2 gonger i 2022, seinast møte 12.09.2022 der det vart gjort slik vedtak:](#)

1. *Kontrollutvalet merkar seg som positivt at fylkeskommunen er komme ein god del lenger med forbetningsarbeidet etter eigarskapskontroll av arbeidsmarknadsbedriftene, men at det framleis er noko arbeid som står att.*
2. *Kontrollutvalet ber om at fylkesdirektøren kjem med ny skriftleg status for oppfølging av punkta 3, 4, 6 og 9 av eigarskapskontrollen til første møte i utvalet etter sumarferien 2023*
3. *Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 16.08.2023.*

**Vestland**  
**Fylkeskommune**

Kontrollutvalet  
c/o Sekretariat for kontrollutvalet  
Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900, 5020 Bergen

telefon: 05557

e-post: [hogne.haktorson@vlfk.no](mailto:hogne.haktorson@vlfk.no)  
e-post: [roald.breistein@vlfk.no](mailto:roald.breistein@vlfk.no)  
e-post: [kjartan.haugnes@vlfk.no](mailto:kjartan.haugnes@vlfk.no)  
e-post: [helge.johansen@vlfk.no](mailto:helge.johansen@vlfk.no)  
e-post: [einar.kare.ulla@vlfk.no](mailto:einar.kare.ulla@vlfk.no)  
e-post: [kontrollutvalet@vlfk.no](mailto:kontrollutvalet@vlfk.no)